

## **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 21.08.2018**

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkesutvalet slutter seg til innspel til Kulturarenaplanen for Bergen kommune slik det ligg føre i saka og vedtek følgjande:

1. Slik planen framstår, vert den i stor grad ein katalog over påbegynte, planlagde og påtenkte tiltak. Hordaland fylkeskommune saknar ei klårare basiskartlegging av status og ein overordna analyse av framtidige behov som grunnlag for kommunale vurderingar.
  - a) Kulturlivet sine eigne stemmar er tydeleg i denne planen. Planteksten burde hatt eit tydelegare skilje mellom innspel frå tiltakshavarar og Bergen kommune sine eigne vurderingar.
  - b) I rubrikken for finansiering av det einskilde tiltak må det skiljast mellom vedteken finansiering og kva som er ønskjeleg finansiering. Det må og gå fram kven som står bak framlegga til finansiering.
  - c) Hordaland fylkeskommune vil tilrå at planen meir systematisk og heilskapleg skildrar og vurderer omsynet til arealplanlegging etter plan- og bygningslova og kulturminnelova.
  - d) Hordaland fylkeskommune ser 2019 – 2030 som ein lang periode for ein slik plan, og vil tilrå at planen vert rullert midtvegs i planperioden.
2. I tråd med eige vedtak støttar Hordaland fylkeskommune Bergen kommune i at spelemidlane til kulturbygg må aukast.
3. Hordaland fylkeskommune er samd i at meir midlar frå *kap. 322, post 70 – Nasjonale kulturbygg*, bør tilfalle Bergen og Hordaland. Det må arbeidast aktivt med dette.
4. Hordaland fylkeskommune ser det som svært positivt at det jobbast for at skulane i Bergen skal kunne nyttast betre til bruk for kulturlivet på kveldstid, og at det skal leggast til rette for ei dette gjennom kommunalt bookingsystem.
5. Hordaland fylkeskommune ser satsinga på ny bruk av tomme lokale som svært positiv og eit viktig bidrag til ei god byutvikling og m.a. levande sentrum.
6. Hordaland fylkeskommune vil styrke musea i høve drift og investering i samsvar med dei økonomiske føresetnadene til fylkeskommunen og støttar Bergen kommune si vurdering av at det svært store behov for istandsetting av eldre bygg innanfor museumssektoren og behov for nye lokalar for nye satsingar.
  - a) Hordaland fylkeskommune vil følge opp prosjekt Museumsloft knytt til kartlegging av bygningsmasse og vedlikehaldsbehov av dei verneverdighe bygga i musea. Dette vil konkretisere behova innan museumsfeltet på ein systematisk og god måte.
  - b) Det er svært positivt at Bergen kommune vil opprette ei ny tilskotsordning til vedlikehald av ikkje-kommunale museumsbygg.
  - c) I tråd med nasjonal politikk er etablering av eit Verdsarvsenter på Bryggen eit prioritert kulturrenatiltak i Regional kulturplan for Hordaland.